

Avtale gjeldande etablering og drift aktivitetsanlegg på Frekhaug Torg

Avtalen er inngått mellom partane Meland kommune, orgnr 951 549 770 og Frekhaug Senterforening, orgnr 981 252 748

Det er avtalt følgjande:

Etablering, prosjektering og kostnader

Det vert etablert aktivitetsanlegg på Frekhaug Torg i tråd med vedlagde skisser.

Arealet det etablerast på er frå gnr/bnr 23/490, mellom husnummer 37 og 41A. Det må opprettast eit eige bruksnummer på arealet, med tilhøyrande grensejusteringar i eiga prosess og avtalar.

Meland kommune er prosjektansvarleg.

Vedlikehald og drift

Meland kommune er eigar av aktivitetsanlegget.

Meland kommune er ansvarleg for straum og forsikring.

Meland kommune sørgjer for større vedlikehald av anlegget.

Frekhaug Senterforening sørgjer for dagleg oppsyn og mindre forefallande vedlikehald av anlegget, til dømes kosting, reingjering, snøbrøyting og liknande.

For Meland kommune 22.11.2018


MELAND KOMMUNE
Plan, utbygging og kommunalteknikk
Sektorsjef teknisk

For Frekhaug Senterforening



21/11 - 18